



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 25.11.2014

Sak nr.: 14/824-14

Internt l.nr.: 37707/14

Sak: 35/14

Tittel: **Skriv og meldingar HO 25.11.2014**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Skriv til orientering:

1. «Kort orientering om oppstart av "prosjekt undervisningskonsesjon"», notat frå næringsavdelinga datert 5.11.14.
 - 1a. Vedlegg til notat 1: «Korleis gjere «blå opplæring» i vidaregåande skule meir attraktivt?».
2. «Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane - 2015-2016», notat frå fylkesdirektøren for næring datert 8.11.14.
 - 2a. Vedlegg til notat 2: «Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane - 2015-2016».
3. «Skulehelsetenesta – oppsummering frå møta mellom skulane og vertskommunane ved start av skuleåret 2014-2015», notat frå fylkesdirektøren for opplæring datert 7.11.14.

VEDTAK:

Hovudutvalet for opplæring ber om at følgjande uttale vert sendt til vertskommunane for dei vidaregåande skulane:

Skulehelsetenesta i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane

Hovudutval for opplæring er oppteken av at elevane som går i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane skal ha eit godt skulehelsetilbod.

HO viser til Helsedirektoratet sine normtal som er ei minimumsnorm for elevar i vidaregåande skule som er 100 prosent stilling pr. 800 elevar.

Det har gjennom dei 2 siste statsbudsjetta vore bevilga meir pengar til helsestasjons- og skulehelseteneste gjennom statsbudsjettet gjennom dei frie midlane. I tillegg har det vore lyst ut midlar å søke på til styrking av skulehelsetenesta på vidaregåande skular gjennom Helsedirektoratet.

HO vil på det sterkaste oppfordre kommunane til å nytte seg av slike utlyste midlar, samt midlar som kjem gjennom statsbudsjettet. Det er viktig at desse midlane vert brukt slik dei er meint brukt, til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta, som kjem barn og unge til gode. Helsestasjons- og skulehelsetenesta møter alle og den er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet.

Livskvaliteten til ungdom i fylket er fortsatt best i landet, men vi nærmar oss landsgjennomsnittet på fleire områder. Funn frå ungdomsundersøkinga 2013 viser blant anna ein del områder ein bør ha spesielt fokus på framover.

Resultata frå undersøkinga skal kommunar og fylkeskommunen nytte i arbeide med utjamning av sosiale helseskilnader, med dei verkemiddel vi har, og arbeide for best mogleg livskvalitet for den einkilde.

Hovudutvalet for opplæring meiner at helsestasjons- og skulehelsetenesta er eit godt verkemiddel.

4. «Skulevurdering som verktøy for kvalitetsutvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane», notat frå fylkesdirektøren for opplæring datert 12.11.14
5. «Status: Maritim produksjonsteknikk ved Dale vidaregåande skule, Søknad landsline skiidrett ved Stryn Vidaregåande skule, notat frå fylkesdirektøren for opplæring datert 14.11.14
6. «Auka gjennomføring – overgang frå vg2 til vg3 i bedrift», notat frå fylkesdirektøren datert 17.11.14